



**Suldal  
kommune**

## **Del II – KONTRAKTSGRUNNLAG Utførelsesentreprise etter NS 8406**

### **Sand sentrum nord – Bekkjatorget**



# Open tilbodskonkurranse etter forskriftas del 1 og 2 for anskaffing av:

## Sand sentrum nord – Bekkjatorget

## Utførelsesentreprise etter NS8406

### (Generalentreprise)

Versjonsnr.	Dato	Hovudtrekk endringar	Endra av
00	18.08.2022	Sand sentrum nord – Bekkjatorget	JH
01	05.09.2022	Ny ARK teikning lagt til	JH

## INNHALD


<b>A. GENERELL DEL</b> .....	<b>4</b>
A.1 Innleiing .....	4
A.2 Kort om kontraktarbeidets omfang .....	5
A.3 Organisasjon og entreprisemodell.....	5
<b>B. KONTRAKTSFØRESEGNER</b> .....	<b>6</b>
B.1 Alminnelege kontraktsføresegner .....	6
B.2 Spesielle kontraktsføresegner .....	6
<b>C. TEKNISKE KRAV</b> .....	<b>10</b>
C.1 Tekniske rammeføresegner.....	10
C.2 Teknisk skildring .....	10
C.3 Teikningar og modellar .....	11
<b>D. KRAV TIL BYGGEPROSESSEN</b> .....	<b>12</b>
D.1 Administrative rutinar .....	12
D.2 Kvalitetssikring.....	13
D.3 Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA).....	14
D.4 Øvrige krav til byggeprosessen .....	14
<b>E. Fristar og dagmulkter</b> .....	<b>15</b>
E.1 Fristar.....	15
E.2 Dagmulkter .....	15
E.3 Framdriftsplanlegging .....	15
<b>F. VEDERLAGET</b> .....	<b>15</b>
F.1 Prissamanstilling.....	15
F.2 Rekningsarbeider.....	16
F.3 Påslag for side og underentrepriser .....	16
F.4 Opsjonar .....	16
F.5 Regulering .....	16
F.6 Oversikt over underleverandørar.....	17

## A. GENERELL DEL

### A.1 Innleiing

Suldal kommune innbyr med dette til tilbodskonkurranse om generalentreprise for oppgradering av Bekkjartorget på Sand.

Prosjektet omfattar ny utforming av Bekkjartorget med nytt kryss fra Fv4716 Sandsvegen med Gata og Nordenden. Nytt kantstopp for buss og nytt kaianlegg skal etablerast. Arealet for Bekkjartorget skal opparbeidast i samsvar med området i nærleiken. Pumpehuset som står på kaien i dag, skal også oppgraderast utvendig og inkluderast som ein del av utforminga. Området vil få ny belysning. Det vil også bli etablert ein sti med varmekablar og belysning mellom Bekkjartorget og dagens hurtigbåtkai ved Torget.



Bilde 1: Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan

## **A.2 Kort om kontraktarbeidets omfang**

Kontraktarbeida omfattar oppgradering av Bekkjartorget skildra i Kap. C

## **A.3 Organisasjon og entreprisemodell**

### **A.3.1 Organisasjon**

- **Byggherre:**
  - Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand
  - Kontaktperson: Lauritz Lauritzen
  - Mobil: 52 79 22 00
  - e-post: [lauritz.lauritzen@suldal.kommune.no](mailto:lauritz.lauritzen@suldal.kommune.no)
  
- **Prosjektleder**
  - Suldal kommune
  - Kontaktperson: Lauritz Lauritzen
  - Mobil: 91 37 97 39
  - e-post: [lauritz.lauritzen@suldal.kommune.no](mailto:lauritz.lauritzen@suldal.kommune.no)
  
- **Byggeleder**
  - Suldal kommune
  - Kontaktperson: Arild Vaage
  - Mobil: 99 40 02 12
  - e-post: [arild.vaage@suldal.kommune.no](mailto:arild.vaage@suldal.kommune.no)
  
- **Rådgjevar RIVA**
  - Omega Areal AS
  - Kontaktperson: Silje Berge
  - Mobil: 938 22 271
  - e-post: [silje@omega.no](mailto:silje@omega.no)

### **A.3.2 Entreprisemodell**

Entreprisemodell for prosjektet er Generalentreprise etter 8406: 2009 «Forenklet Norsk bygge- og anleggskontrakt».

## **B. KONTRAKTSFØRESEGNER**

### **B.1 Alminnelege kontraktsføresegner**

Norsk Standard NS 8406:2009 «Forenklet Norsk bygge- og anleggskontrakt» skal gjelde for denne kontrakten med endringar og tillegg som skildra i pkt. B.2.

### **B.2 Spesielle kontraktsføresegner**

#### **B.2.1 Spesielle kontraktsføresegner gjeld føre generelle føresegner**

Ved motstrid går dei etterfølgjande vilkåra framfor NS 8406:

#### **B.2.2 Tilleggsarbeider. Rekningsarbeid**

Eitkvart arbeid som medfører krav om tilleggsbetaling utover kontraktssummen, skal ikkje i gang settast før det føreligger skriftleg godkjenning frå byggherren.

Dersom endringsarbeid vert gjort som rekningsarbeid skal dette gjerast opp etter entreprenøren sin sjølvkost for materialar og gjeldande arbeidslønn for vedkommande arbeid, med påslag av dei prosentar for administrasjon, fortjeneste, sosiale utgifter osv. som entreprenøren har oppgitt i tilbodet.

Ved rekningsarbeid skal entreprenøren kvar veke sende byggherren for attestasjon oppgåve over tid- og materialforbruk i form av timelister og material-lister. For rekningsarbeid over lengre tid kan ein foreta oppgjør månadsvis. Sluttnota for rekningsarbeid skal sendast byggherren innan 15 dagar etter vedkommande arbeidsavslutning.

#### **B.2.3 Sikkerheitsstilling**

Entreprenør stiller sikkerheit iht. NS 8406 pkt. 8.

Byggherren stiller ikkje sikkerheit.

Utbetalingar vil ikkje bli gjort før dokumentasjon på trygdgjeving ligg føre.

#### **B.2.4 Manglar**

Arbeida er å sjå på som kontaktstridig også om feilen eller mangelen er av utsjåandemessig art. Framgangsmåten for utbetningsarbeida skal ein fastlegge i samråd med byggherren.

#### **B.2.5 Mengdekontroll**

Entreprenøren skal ikkje utføre mengdekontroll før kontraktsignering.

#### **B.2.6 Offentlege gebyr og avgifter**

Løpande driftsutgifter, eksempelvis vatn- og avløpsgebyr, renovasjon, lokale avgifter osv., som er knytt til entreprenøren sin produksjon, skal betalast av entreprenøren.

### **B.2.7 Fordringsoverdraging m.v.**

Opparbeida krav på godtgjersle kan verken overdragast eller pantsettast utan byggherren si skriftlege godkjenning. Entreprenør som overdrar krav på godtgjering i samsvar med ei slik godkjenning, står då også ansvarleg ovanfor byggherren og kontrakten.

### **B.2.8 Byggherren si urettmessige brukstillating**

Dei enkelte delane av kontraktarbeidet kan takast i bruk etter kvart som dei blir ferdigstilt. Dette skal reknast som delovertaking etter NS 8406 punkt 24.5.

### **B.2.9 Dagmulkt ved forseinking**

Innrømming av fristforlenging for ein av kontrakten sine delfrister gir ikkje rett til regulering av etterfølgande fristar.

Forseinking på over 100 dagar skal reknast som eit vesentleg misleghald, noko som gir byggherren rett, men ikkje plikt, til å heve kontrakten.

Dersom byggherren vert påført større utgifter enn dagmulkt for gjeldande periode, har byggherren rett til i erstatning i staden for dagmulkt.

### **B.2.10 Eigedomsretten åt byggherren**

Alt materiell som er levert byggeplass er å sjå på som byggherren sin eigedom.

### **B.2.11 Kontraktsvilkår utover NS 8406**

Som spesielle kontraktsvilkår gjeld fylgjande vilkår:

#### GODKJENNINGAR:

Entreprenørane skal sørge for å inneha og oppretthalde nødvendige godkjenningar iht. Plan- og bygningsloven. Entreprenørane må vederlagsfritt sende inn søknad om ansvarsrett for utføring av sine arbeider med alle nødvendige vedlegg/ dokumenter som er relevante for hans fagområde. Entreprenørane skal sørge for å ha denne godkjent innan rett tid i forhold til framdriftsplanen og andre arbeider.

Ved arbeidets ferdigstilling skal kontrollerkjøring innsendast til myndighetene, via ansvarleg søker.

Manglande ansvarsrett betraktast som et vesentleg kontraktsbrot som gir byggherren rett til å heve kontrakten, samt gjere erstatningskrav gjeldande etter reglene i NS 8406. Før heving kan finne sted, må byggherren ha gitt Entreprenøren en rimeleg frist for å rette forholdet.

#### KOMMUNIKASJON:

Med mindre annet er avtalt, skal all skriftleg korrespondanse i prosjektet foregå på norsk. Munnleg kommunikasjon mellom byggherren og nøkkelpersonar i prosjektet skal foregå på norsk. Entreprenøren plikter å sørge for at alle personar som arbeider på prosjektet har gode språkferdigheter og er i stand til å kommunisere med både byggherrens personell og andre.

### ANTALL LEDD I LEVERANDØRKJEDEN:

Leverandøren kan ikkje ha fleire enn to ledd underleverandørar i kjede under seg. Oppdragsgivar kan, etter at kontrakten er inngått, godta fleire ledd dersom det på grunn av uforutsette omstendigheter er nødvendig for å få gjennomført kontrakten.

Ved inngåelse av kontraktar med underleverandørar som overstige ein verdi på kr 500.000 eks. mva. skal leverandøren innhente skatteattest som ikkje er eldre enn 6 månader, jf. forskrift om offentlege anskaffelse. Leverandøren skal på forespørsel og utan ugrunna opphald kunne framlegga ovannemnde dokumentasjon.

Dersom attesten ikkje framleggast, kan Oppdragsgivar krevje at underleverandøren skiftes ut med en underleverandør som kan framlegga skatteattest. Oppdragsgivaren kan tilsvarande krevje at leverandøren erstattar en underleverandør som ikkje har oppfylt sine forpliktelsar til å betale skattar og avgifter. Eventuelle økonomiske krav frå underleverandørar eller omkostningar for øvrig som følge av heving av avtaler med underleverandørar i denne forbindelse, skal bæres av leverandøren.

Ved brot på ovannemnde plikter skal leverandøren rette forholdet. Oppdragsgivar har rett til å stanse arbeide i den utstrekning Oppdragsgivar ansar det nødvendig. Vesentleg mislighald som ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå Oppdragsgivar, kan påberope av Oppdragsgivar som grunnlag for heving.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande bestemningar

### LØNNS OG ARBEIDSVILKÅR:

Entreprenøren skal sørge for at tilsette i eigen organisasjon og tilsette hos kontraktsmedhjelparen som direkte medverke til oppfylting av kontrakten, har lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med denne bestemminga.

På områder dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale skal lønns- og arbeidsvilkåra være i samsvar med gjeldande forskrifter. På områder som ikkje er dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal lønns- og arbeidsvilkåra være i samsvar med gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje.

Med lønns- og arbeidsvilkår meiner ein i denne samanheng bestemningar om

- a) arbeidstid
- b) lønn, her under overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg
- c) dekning av utgifter til reis, kost og losji i den grad slike bestemningar følger tariffavtalen.

Byggherren har rett til innsyn i dokumenter og rett til å foreta andre undersøkingar som gjer det mogleg for byggherren å gjennomføre nødvendig kontroll med at kravet til lønns- og arbeidsvilkår blir overhalde. Leverandøren plikter å ha tilsvarande kontraktsbestemningar i sine kontraktar med underleverandørar og skal gjennomføre nødvendig kontroll hos sine underleverandørar for at plikta blir overhalde.



Dersom leverandøren motset seg utlevering av dokumentasjon eller det blir avdekt brot på klausulen om lønns- og arbeidsvilkår, har byggherren rett til å holde tilbake vederlaget etter kontrakten inntil forholda er brakt i samsvar med forskriftas krav. Ved brot på klausulen, som ikkje rettes på trass i varsel frå byggherren, kan byggherren heve kontrakten.

Leiaren av Entreprenørens verksemd er ansvarleg for at denne kontraktsbestemminga blir etterlevd.

### LÆRLINGAR

Det er eit krav at leverandøren er tilknytt ei lærlingordning og at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet i tenestekontraktar og kontraktar om bygg og anleggsarbeid. Kravet gjeld for kontraktar over [1,3 millionar / 2,0 millionar] og som varer over 3 månader.

Kravet kan oppfyllest av Leverandøren eller ein eller fleire av underleverandørane hans.

Utanlandske entreprenørar kan oppfylle lærlingkravet ved å bruke lærlingar som er tilknytt offentleg godkjent lærlingordning i Noreg eller tilsvarande ordning i anna EU/EØS- land.

Leverandøren skal ved oppstart, og på oppmoding under gjennomføringa av kontraktarbeidet, dokumentere at krava er oppfylte.

Ved avslutning av kontrakten skal det leggst fram oversikt over talet på timar utført av lærlingar. Timelister skal leggst fram på oppmoding.

Kravet gjeld ikkje dersom Leverandøren kan dokumentere reelle forsøk på å inngå lærekontrakt utan å lykkast. Tilsvarande gjeld dersom Leverandøren har inngått lærekontrakt, men på grunn av forhold som skriv seg frå lærlingen, ikkje kan nytte vedkomande under leveransen.

Oppdragsgivar må gjennomføre nødvendig kontroll av om krav om bruk av lærlingar vert haldne. Ved brot på plikta skal Leverandøren rette forholdet innan den fristen Oppdragsgivar fastset. Der Leverandøren sjølv oppdagar brot på plikta, skal Leverandøren utan opphald opplyse Oppdragsgivar om forholda og rette forholda innan den fristen Oppdragsgivar fastset. Dersom forholda ikkje kan rettast, kan Oppdragsgivar be om prisavslag.

Vesentleg misleghald som ikkje vert retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå Oppdragsgivar, kan Oppdragsgivar framføre som grunnlag for heving.

## C. TEKNISKE KRAV

### C.1 *Tekniske rammeføresegner*







#### C.1.1 Ytre miljø

Ingen krav utover TEK17.

### C.2 *Teknisk skildring*

Sjå vedlegg:

- Beskrivelse NS3420 (pdf, xml og gab)
- SHA-plan
- Risikomatrise
- Skjema ansvarsrett

-  ISY Beskrivelse - [Sand sentrum nord - Bekkjartorget]
-  Sand sentrum nord - Bekkjartorget
-  Sand sentrum nord - Bekkjartorget
-  Risikomatrise
-  SHA-plan - Bekkjartorget
-  Skjema for erklæring om ansvarsrett

Teknisk skildring er óg vedlagt i gab-format (ISY Linker) og xml-format for digital utfylling av priser.

Der det i beskrivelsen er skildra eit spesifikt produkt kan entreprenør nytta eit anna produkt som held same kvalitet og standard som tilsvarande. Dette gjeld også estetisk kvalitetskrav.
























Ved nytta alternative produkt skal kome direkte fram av entreprenørens tilbodsbrief!

Tilbudet skal baserast på følgjande tekniske skildringar/ dokument: (GULT markerer siste revisjon)



### C.3 Teikningar og modellar

Tilbodet skal basere seg på følgjande teikningar:






#### Teknisk plan

-  A101 Forside
-  A102 Tegningsliste
-  C101 Plan og profil Sandsvegen
-  D101 Plan og profil Gata - Nordenden
-  E101 Kryss Sandsvegen - Gata - Nordenden
-  E111 Springkurver
-  F101 Normalprofil
-  F102 Overbygning
-  F103 Utkiling og fortanning
-  G101 Oversikt VA
-  G102 Grøftesnitt
-  G103 Sandfang
-  J101 Detalj kantstein
-  J102 Detalj taktil merking kantstopp
-  L-10-UH-70-00-2022 Utomhusplan
-  L-10-UH-77-01-2022 Planteplan
-  L-10-UH-77-02-2022 Inspirasjon Planter
-  L101 Skiltplan
-  L102 Oppmerkingsplan
-  N101 Belysningsplan
-  N102 Lysberegninger
-  U101 Tverrprofilar Sandsvegen
-  U102 Tverrprofilar Gata Nordenden







#### RIE

-  57124-EL-001 A0
-  57124-EL-002 Lysberegning Sand Sentrum

#### ARK

-  A-10-UH-70-03-2022 - Plan og snitt blomsterkasser
-  A-10-UH-70-04-2022 - Plan og snitt senter rundkøyring
-  A-10-UH-70-05-2022 - Sit.plan, rendringer og snitt varmekabler
-  A-20-01-20-01-2022 - Plan og fasader
-  BS-20-01-20-02-2022-Trebenk rev A

#### RIB

-  B-20-01-20-01-2022-Formtegning
-  B-20-01-20-02-2022-Armeringstegning bjelker
-  B-20-01-20-03-2022-Armeringstegning vegger og dekker
-  BS-20-01-20-00-2022-Rivetegning
-  BS-20-01-20-01-2022-Ståltegning
-  BS-20-01-20-02-2022-Trebenk
-  BS-50-01-20-01-2022-Knutepunkt

## D. KRAV TIL BYGGEPROSESSEN

### D.1 *Administrative rutinar*

#### D.1.1 Korrespondanse

All korrespondanse skal vera merka med prosjektet sitt namn og kva sak korrespondansen omhandlar. Dersom brevet omhandlar fleire saker, skal dette klart komme til syne av overskrifta.

Varsel om tilleggs- og endringsarbeid skal sendast på e-post. Det skal nyttast avtalt skjema som omhandlar kvar sak. Tilleggs- og endringsarbeid skal berre utførast etter skriftleg bestilling eller rekvisisjon frå byggherre. Entreprenør skal føre logg over endringar med nummerering etter nærare avtale.

All korrespondanse skal vere skriftleg og skje via byggherren sin representant. E-post er å rekne som skriftleg korrespondanse.

Prosjektansvarleg/byggherrerepresentant skal informerast om alle tilhøve som har med byggeplassen å gjera.

#### D.1.2 Fakturering

Faktura skal merkast med aktuelt prosjektnr. og att: Lauritz Lauritzen.

Fakturering skal uførast ein gong pr. mnd. Fakturaer skal stilast til byggherre og sendast til prosjektleiar for kontroll og attestasjon. Notaer skal nummererast fortløpande i to avskilte seriar: Ein serie for avdrag og kontrakt og ein serie for eventuelle endrings- og tilleggsarbeid.

Faktura for endrings- og tilleggsarbeid skal påførast bestillingsdato og bestillingsnummer eller rekvisisjonsnummer. Kopi av rekvisisjon / tilleggsbestilling med eventuelle billag skal leggest ved fakturaen. Dersom det er utført rekningsarbeid skal originale attesterte timelister samt dokumentasjon av netto sjølvkost vedr. materialar og utstyr leggest ved.

Fakturaer for endrings- og tilleggsarbeid skal nummererast fortløpande T1, T2 osv.

Fakturaer og billag som ikkje er i samsvar med forretningsrutinar eller gjeldande kontraktsvilkår, vil bli returnert entreprenør. Betalingsfrist vil være 30 dagar frå ny og korrekt faktura er mottatt. Eventuelle rentekrav som følgje av forsinka betaling pga. ovannemnte, vil ikkje bli akseptert.

Entreprenøren kan ikkje krevje oppgjør for meir enn dei verdiar som til ei kvar tid er tilført/utført på byggeplass.

For bestilling som skal det dokumenterast med timelister og faktura, og lagast ei samleoppstilling som syner til vedlegg. Ein papirkopi av faktura med vedlegg skal leverast byggherre samstundes med at elektronisk faktura blir oversendt.

### **D.1.3 Møter**

Entreprenør skal stille på møte i h.t. innkalling.

### **D.1.4 Administrasjon av byggeplass/instruksar**

Entreprenøren skal til ein kvar tid ha tilgjengeleg ansvarleg leiar på byggeplassen. Denne skal namngjevast ved kontraktsinngåing, og eventuelle endringar skal godkjennast av byggherren.

Entreprenøren sin ansvarlege representant har møteplikt ved alle ordinære og ekstraordinære møte.

Entreprenøren plikter å etterkomme pålegg frå byggherren sin prosjektansvarlege/ byggherrens representant innan rimelege fristar fastsett av han.

### **D.1.5 Drifts- og vedlikehaldsinformasjon**

Før arbeidet/leveransen kan sjåast som ferdigstilt, skal det leverast teknisk dokumentasjon, bruksinstrukser, forslag til vedlikehaldsintervall og serviceavtaler etc.

Slik informasjon skal leverast til byggeleiar og godkjennast før sluttoppgjør kan finna stad og innestående beløp blir frigitt.

Drifts- og vedlikehaldsinformasjon skal leverast elektronisk på USB-stick. Inndeling og mappestruktur etter NS 3451 Bygningsdelstabellen.

### **D.1.6 Rapportering**

Prosjektleder skal kvar månad senda statusrapport til byggherre over utførte arbeid og ferdigstillingsgrad i prosjektet med følgjande inndeling:

- HMS
- Framdrift
- Økonomi
- Kvalitet

### **D.1.7 Kontakt med media**

All kontakt med media vedrørende kontrakten/prosjektet skal handterast av byggherren med mindre anna er særskilt avtalt.

### **D.1.8 Teikningshandtering**

Entreprenør har ansvar for at utgatte teikningar ikkje sirkulerer på byggeplass.

Entreprenøren ber sjølv kostnader med utskrift av teikningar.

## **D.2 Kvalitetssikring**

Entreprenøren skal ha eit system for kvalitetssikring for å sikre systematisk kontroll av arbeida. Kvalitetssikringssystemet skal på førespurnad leggest fram for byggherren.

### **D.3 Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA)**

Tiltakshavar har utarbeida overordna SHA-plan, sjå vedlegg.

Dersom entreprenør oppdagar nye risikoforhold som ikkje er omtala i overordna SHA-plan skal dette varslast med tilhøyrande avviksrapportering.

Internkontroll må tilpassast dette prosjektet, og nødvendige rutinar med sjekklister, rapportar mm må innarbeidast. I dette ligg også at relevante deler av SHA-planen skal innarbeidast i entreprenøren sitt internkontrollsystem.

- Hovudentreprenør er hovudbedrift iflg. arbeidsmiljølova av 17. juni 2005 nr. 62 § 2-2, og har ansvaret for koordinering av vernearbeidet på plassen, å føre protokoll frå vernerundar og å førehandsmelde oppstart til Arbeidstilsynet.
- Entreprenøren skal utnemne hovudverneombod som skal delta aktivt i vernearbeidet. Alle entreprenørar som er til stade og utfører arbeid på byggeplassen skal stilla på vernerundane. Ein skal leggja opp til vernerundar kvar veke med fast dag og tidspunkt. Prosjektleiari skal ha kopi av vernerunderapportane og skal kunna delta på vernerundane. Avvik av graverande karakter kan medføre at arbeid vert stoppa.
- Organisering og opplegg for vernearbeidet skal drøftast med prosjektleiari før arbeida startar.
- Arbeidsmiljølova sine føresegner skal følgjast, og entreprenøren er ansvarleg for dette. Alle sikringstiltak som blir pålagt entreprenør av prosjektleiari, Arbeidstilsynet eller annan offentleg myndigheit skal omgåande utførast.

### **D.4 Øvrige krav til byggeprosessen**

#### **D.4.1 Rigg og drift**

Hovudentreprenør skal utarbeide riggplan for prosjektet, denne skal presenterast byggherre før oppstart av arbeider. Riggplan skal oppdaterast gjennom heile byggetida og det skal tas hensyn til nærliggande eksisterande gravplass.

#### **D.4.2 Reinhald og orden**

Entreprenør er ansvarleg for at byggeområdet framstår ryddig med nødvendig sikring.

#### **D.4.3 Uavhengig kontroll**

Byggherre vil engasjere uavhengig kontroll i prosjektet. Entreprenøren skal legge til rette for at uavhengig kontroll kan gjennomførast parallelt med entreprenørens arbeider.

## E. Fristar og dagmulkter

### E.1 *Fristar*

For kontrakten gjeld følgjande fristar:

Frist (nr.)	Skildring	Dato
1.	Oppstart byggeplass	Snarast
2.	Overlevering drifts- og vedlikeholdsinformasjon	14 dagar før overlevering
3.	Overlevering anlegg	30.06.2023
4.	Oppstart prøvedrift	Ved overtaking
5.	Overlevering tekniske fag	Ved overtaking

### E.2 *Dagmulkter*

Dagmulkter følgjer NS 8406.

### E.3 *Framdriftsplanlegging*

Detaljert framdriftsplan skal utarbeidast av hovudentreprenøren og leggjast fram for byggherre for godkjenning 14 dagar før oppstart byggeplass.

## F. VEDERLAGET

### F.1 *Prissamanstilling*

Utfylt Gab-fil samt kopi pdf.

#### *Prissamanstilling*

**Nybygget:**

Nr	Fag	Pris NOK eks.mva
0	Felleskostnadar, Rigg og drift	
1	Riving og førebuande arbeid	
2	Bygningsmessige arbeider	
3	Veg, VA, skilting og grøntanlegg	
4	Utandørs elkraft	
Entreprisekostnad		
5	Generelle kostnader (prosjektering, gebyr m.m. inkl. tiltransport)	
SUM	+25 % meirverdiavgift	
<b>Totalsum</b>	Ekskl. mva.	

## **F.2 Rekningsarbeider**

Ved tilleggsarbeid skal byggherre kunne nytte seg av timeprisar og påslagsfaktor. Postane vil bli vekta ved evaluering av tilbod. Summer skal være truverdige marknadsprisar.

Postane blir null-stilt ved kontrahering og påslagsfaktor og timeprisar vil bli nyttast ved meirarbeidet og rekningsarbeid.

Sjå post 90, gab-fil.

## **F.3 Påslag for side og underentrepriser**

Tilbydaren skal angi påslag for å la seg til-transportere kontraktar som byggherren opprettar med andre entreprenørar, rådgjevarar, dvs. overtaking av fullt teknisk, framdriftsmessige og økonomisk ansvar som totalentreprenør.

Påslagsprosent på underentreprenørars tilbodspris: \_\_\_\_\_%

## **F.4 Opsjonar**

Sjå vedlagt gab-fil.

## **F.5 Regulering**

Einingsprisane som er oppgitt i tilbodet skal indeksregulerast.

De skal regulerast etter SSB sin indeks «Byggekostnadsindeks for veganlegg, «08662: Byggekostnadsindeks for veganlegg (1.kv. 2004 = 100), etter veganlegg, statistikkvariabel og kvartal».

Ein skal nytta *Veganlegg, i alt*, og gjeld frå 3.kvartal 2022.



## F.6 *Oversikt over underleverandører*

Nedanfor skal totalentreprenør liste opp alle underleverandører som skal nyttast for å gjennomføre prosjektet

Firmanamn	Organisasjonsnummer	Fagområde